

Protokoll fra årsmøte for Lunde og Flåbygd sokn.

Dato: 20.mars 2022

Årsmøtet vart gjort kjent gjennom kunngjeringar under gudstjenestene og informasjon på soknets heimeside.

Årsmelding og rekneskap var på førehand kopierte opp og lagt ut i kyrkja til gjennomlesing

Møtet ble arrangert i Lunde kyrkje etter gudstjenesten.

Til stades: 41 personar

Saker:

1. Val av møteleiar

Vaedtak: Karine Burmester blir møteleiar

2. Val av referent

Vedtak: Nils Steinar Stavsholt blir referent

3. Val av to personar til å skrive under protokollen

Vedtak: Sigbjørn Lia og Kristian Hanto skriv under protokollen

4. Godkjenning av årsmelding 2021 for Lunde og Flåbygd kyrkjelyd

Kyrkjelydens årsmelding inneheld følgjande delmeldingar:

1. Sokneprestens årsmelding
2. Årsmelding for trusopplæring og ungdomsarbeid.
3. Årsmelding for Lunde minigospel
4. Årsmelding for Lunde kammerkor
5. Årsmelding for Solhaug menighetshus
6. Årsmelding for 114 gruppa
7. Årsmelding for soknerådet

Ansvarlege for kvar av delmeldingane gav ein kort orientering og det vart gitt høve til spørsmål.

I tillegg gav kyrkjevergen ein orientering om Fellestrådet arbeid.

Vedtak: Årsmelding 2021 for Lunde og Flåbygd kyrkjelyd vart godkjent ved akklamasjon.

5. Godkjenning av rekneskap 2021 for Lunde og Flåbygd Kyrkjelyd.

Kyrkjelydens rekneskap inneheld følgjande delrekneskap:

1. Soknerådet rekneskap
2. Rekneskap for Solhaug menighetshus
3. Rekneskap for barne- og ungdomsarbeidar
4. Rekneskap for supertorsdag
5. Rekneskap for Fidus ungdomsklubb
6. Rekneskap for Lunde kammerkor
7. Rekneskap for Lunde kyrkjeblad

Ansvarlege for delmeldingane vart gitt høve til å gjennomgå rekneskapa.

Det vart gitt høve til å stilla spørsmål til rekneskapa

Vedtak: Rekneskap 2021 for Lunde og Flåbygd sokn vart godkjent ved akklamasjon

6. Nytt misjonsprosjekt

Sokneprest Ragnhild Halden orienterte om saka.

Kontraktperioden for støtte til Ave og Magne Mølster sitt arbeid for Norsk Misjonsselskap i Estland er nå avslutta etter 4 år. Målsettinga om å samle inn kr. 100.000 til prosjektet er oppfylt. Samla sett har det kome inn i overkant av kr. 101.000.

I denne samanhengen måtte årsmøtet ta stilling til om ein skal halde fram med misjonsprosjekt. I tilfelle kva for prosjekt og innsamlingsmål.

Vedtak:

Lunde og Flåbygd kyrkjelyd held fram med ein ny kontraktperiode på 4 år for støtte til Ave og Magne Mølster sitt arbeid for Norsk Misjonsselskap i Estland.

Storleiken på innsamlingsmålet må ein koma tilbake til.

Lunde 25.03.2022

Nils Steinar Stavsholt
Referent


Sigbjørn Lia


Kristian Hanto